



## Referat møte om skogbrannfaren 06.06.2018

Onsdag 6. juni kl. 12.30-13.15 vart det gjennomført telefonmøte om situasjonen med auka skogbrannfare.

### 1. Deltakarar:

- Flora brann og redning og Bremanger brann og redning v/Magne Igland
- Gulen brann og redning v/Sigvald Kvinge
- Solund brann og redning v/Terje Drengenes
- Hyllestad brann og redning v/Bjørnar Drøsdal
- Høyanger brann og redning v/Olav Nordgulen
- Sogn brann og redning v/Vidar Trettenes
- Lærdal brann og redning og Årdal brann og redning v/Gaute Johnsgaard
- Aurland brann og redning v/Reinhardt Sørensen
- Askvoll brann og redning, Førde brann og redning og Naustdal brann og redning v/Bernhard Øberg
- Fjaler brann og redning v/Edvin Bøthun
- Gaular brann og redning v/ Truls Hansen Folkestad
- Vågsøy brann og redning v/Kim Hjelle
- Selje brann og redning v/Geir Hatlenes
- Eid brann og redning v/Ketil Nord
- Hornindal brann og redning v/Ståle Hatlelid
- Gloppen brann og redning v/Runar Kleppe
- Stryn brann og redning v/Jon Vinsrygg
- Alarmsentralen v/Terje Brandsøy
- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap v/Anne R. Pedersen
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Haavard Stensvand, Mari Severinsen og Stig Morten Tengesdal

### 2. Bakgrunn for møtet og orientering frå DSB

DSB har hatt to samvirkekonferansar (på video) med fylkesmennene og sivilforsvarsdistrikta. Direktoratet ønskjer å gjennomføre slike kvar veke frå no og inn til vidare. På konferansen i går vart Fylkesmannen oppmoda av DSB om å få i stand eit møte med brannsjefane i fylket om skogbrannsituasjonen.

DSB v/Anne Rygh Pedersen orienterte om den nasjonale beredskapen. Det er per no sju helikopter i beredskap. Dei vil kunne nå heile Sør-Norge innan rimeleg tid.

Rygh Pedersen understreka kor viktig det er med rask reaksjon, og sa at det er viktig at brannsjefane ber om helikopterstøtte så tidleg som mogleg når dei vurderer at det er trong for det. Ho minna òg om at Sivilforsvaret har mobile einingar som kan mobiliserast og gi støtte.

Anne Rygh Pedersen peikte òg på at det er veldig viktig at det gode førebyggjande arbeidet held fram, ikkje minst for å åtvare publikum mot bålbrekking og andre aktivitetar som kan starte ein brann.

### **3. Erfaringar frå brannane i Solund og Vågsøy**

#### Erfaringar frå brannen i Solund

Terje Drengenes meinte at samhandlinga og koordineringa med Sivilforsvaret, leiarstøtte og helikopterstøtte hadde fungerte svært godt under innsatsen mot brannen ved Trovåg.

#### Erfaringar frå brannen i Vågsøy

Kim Hjelte meinte at leiarstøtta og helikopterstøtta var gode hjelpemiddel under innsatsen mot brannen i Holvik. Samarbeidet med Sivilforsvaret og brann- og redningsvesena i Eid og Florø fungerte òg svært godt.

### **4. Førebyggjande tiltak**

Fleire av brannsjefane trekte fram bønder med gyllevogner som svært viktige ressursar. Mange av brannvesena fører lister over tilgjengelege vogner i kommunen.

Sivilforsvaret har vist seg å vere ein svært viktig ressurs i samband med mange av brannane.

Fylkesmannen minte om at Heimevernet òg kan vere ein relevant ressurs, som først og fremst kan bidra på mannskapssida. Ved hendingar er det viktig å samle ressursane på eit tidleg stadium og planlegge for uthald over tid.

Fylkesmannen oppmoda om å bruke kommunal kriseleiing (KKL) som støtte, særleg ved langvarige og omfattande brannar. KKL vil t.d. kunne støtte brannsjefen på logistikk, ressurs- og informasjonssida.

### **5. Ymse**

#### Orientering av alarmsentralen v/Terje Brandsøy

I 2018 har det så langt vore 20 skog- og grasrelaterte brannar i Sogn og Fjordane. Då statistikken starta opp i 2001 var det 69 brannar, medan det i 2017 var berre fem brannar. Brandsøy meiner at merksemda i befolkninga knytt til faren for skogbrann har vorte betre dei seinare åra. Brannvesena har òg vorte betre til å setje i verk førebyggjande tiltak på eit tidleg stadium. Vidare har det vorte enklare å be om helikopterstøtte enn det var tidlegare.

#### Bålbrekking

Det er semje mellom brannsjefane om at kommunane må ha ei mest mogleg lik haldning med omsyn til spørsmålet om å forby bålbrekking, grilling m.v. Kommunane som har lokale forskrifter har høve til å leggje ned forbod, men alle brannsjefane kan gi tydelege råd.

Alle brannsjefane som deltok er samde om at det ikkje bør brennast bål i samband med jonsokfeiringa, med mindre vêrsituasjon skulle endre tilhøva.

Fleire møte

Fylkesmannen sa at det er lett å invitere til nye møte viss det er nødvendig, og oppmoda brannsjefane og andre om å gi beskjed viss det skulle vere ønskje om det.

Stig Morten Tengesdal  
Referent